

Hundreårsdagen for kyrkja

Eg vil nemne nokre ord om prost Thomas Eriksen sidan han var prest i Lavik prestegjeld den tid kyrkja var bygd for 100 år sidan. Prestegjeldet var det same som, det vil seie at Brekke kom til i 1858 og skild frå Fivindvik. Det var den gongen berre 3 kyrkjer.

Thomas Eriksen var fødd i Bergen 18. november 1806. Han var dotterson til biskop Johan Nordahl Brun. Biskop Thomas Eriksen var brorson til prosten. Dei skulle vere svært like av utsjånad, med kvitt krusa hår. Prosten var liten av vekst, ein tettvaksen stolpe med langkrulla hår, for å herme ein linje av Per Sivle. Thomas Eriksen var prest i Lavik frå 1859 til 1872, han var også prost i Ytre Sogn. Det er ikkje nokon nolvande som minnest han som prest, men etter som eg skjønar var han ein flink predikant, hadde ei kraftig røyst og god songar. Han samla ein del av sine preiker

i bokform som til dels var nytta som lesnad i heimar under andakt sundagane.. Han gav også ut dikt. Eit hefte bar namnet " Gammelt og nytt". Han las mykje og skulle vere ein lærd mann og kunne fleire språk.

Han måtte like seg her i Lavik, for då han slutta som prest gav han seg til her i Lavik for godt. Det var Hesselberg Muller som var hans ettermann , og han var her i åtte år. Thomas Eriksen vart no heitande Gamleprosten i dagleg tale. Han var ungar og truleg var i kosten hjå Muller den tid han var her. Sidan var det mor som stelte for han. Det kom seg av at gamleprosten budde i bispestova, og foreldra mine budde i andre høgda i bispestova. Bispestova var onnerleis innreidd då enn ho er no. Mor stelte for han i 12 år.

Når far kjøpte Kvammen og bygde hus der og flytte dit fylgde gamleprosten med og hadde ei av stovene der, ein kan nesten seie han vart ein medlem av huslyden. Han var svært gavmild. Serleg var han snill med splinten som var ofte å sjå i den tida.

Dei hadde berre å rekne opp det dei hadde bruk
 for. " Jeg kan ikke vite hvad dere har ~~xxxx~~
~~xxxx~~ ^{fær} ~~xxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxxx~~ie. trenger så de måtte
 bare si fra" brukte han å seie. Og splintekjær-
 ringane var nok ikkje blyge av seg skulle ein-
 tru. Mor måtte difor ofte skride inn og hindre
 at han ikkje gav burt meir enn budsjettet tolde.
 Mor fortalde at han var serleg glad romask.
 Seperatoren var ikkje oppfunnen i den tida eller
 komen i bruk i ~~den tida~~. Mjølka vart sett i store
 treaskar. Det var elles vanleg når ^{nyttan} kom innom
 døra at ein romask vart sett fram til gjesten
 for det var lett å trive til. Når prosten fekk
 romask flei han snart av rommen, og han sa då
 at når den står en stund kommer det vel rømme
 på igjen. Det var ikkje sagt i spøk, men han
 trudde det var slik. Han var såleis ikkje mykje
 inne på slike ting. Gamleprosten var glad i ein
 røyk, men siste åra han livde var han so svak
 at han klarde ikkje få fyr i pipa sjølv, så
 han måtte ha hjelp. Dei eldre syskina mine
~~fortel xxx~~ ^{dei}

måtte dra pipa opp for han. Siste åra var han skarl til å gå. Han greidde ikkje ta lenger stig enn skoen var lang, så vegstykke frå prestegarden til Kvammen tok lang tid.

Det var ikkje mange veker han låg til sengs før han døydde, og han slokna 14. ~~oktober~~^{november} 1892

86 år gamal. Han vart gravlagd på Lavik kyrkjegard.

På gravkarmen stårt det:

"Takk for sangen, takk for gleden og fremforalt for kjærligheten."

Eg minnest litt frå hundreårsskifte eller nyårsdag 1900 . Far var kyrkjeverge i den tida og hadde ymse å ordne med i høve dagen. Eg fekk fylgje med til kyrkje, og eg minnest det vart flagda frå tårnet. Det var Werner Oftedal som var prest då. Når eg no ser småborn i kyrkja som kan vere litt uroleg av og til, kjem eg hug meg sjølv frå eg var smågut og fylgde til kyrkje. Det var visse stolar ein sat på i den tida, og kvamingane hadde same benken som lensmann Ellingsen. Så var det ein dag eg var so uheldig

kan eg vel seie at eg vart sitjande mellom lensmannen og far. Truleg har det vore litt formykje kvikksølv i baken min, for lendumannen vart ugod og var ikkje fri han riste meg litt og det hjelpte. *Sidan har eg part*

Det som elles festa meg mest frå barneåra vedkomande kyrkja var preikesundagane då folk samlast til kyrkje frå dal og strender, og ikkje minst båtane som kom siglande om fjorden. Det var eit fagert syn ein sumardag, men det kunne også vera spanande ein stormande vinterdag, og me fylgde gjerne båtane med auga på heimturen om dei kom seg vel over fjorden.

Nei, Sognefjorden er ikkje å spøkje med vintersdag. Dette var Wergeland merksam på då han skreiv dette verset:

"Har du glemt ditt fadervår, minnes du ei bønn å bede: lær den av en guddomsvrede. Tenk dig, synder, da til sete i en båt på Sognefjord."

Ein kan spørje kva var grunnen til at folk
streva seg fram lange vegar over sjø og land
for å kome kyrkja.
ikkje berre ein sumardag, men også vinters tid.
Jau, svaret må bli at det ikkje berre var for
å høyra presten preika eller høyra salmesongen.
Dei visste at dei kom til ei kyrkja som ^{Kvale} ikkje
var oppvarma, det var ikkje omnar den fyrste
tida, kva tid det vart er eg ikkje sikkert.
Heller ikkje var det berre for frette nytt,
helsa på slekt og vener, eller ikkje for å
høyre og sjå lensmannen stå på trestuen nedanfor
kyrkjegarden å lese kunngjeringar, eller
ungguten kike på gjenteflokken om det skulle
finnast eit koneemne. Nei, det måtte også vera
for å koma på ein heilag stad og verdsette ^{dei}
kyrkja høgt som det er nemnt i jubileumshefte.

Kvale

*Skarvørdom var
i rekkefølge*